

Ulvik fjellstyre - Årsmelding 2014



Prøvefiske i Søre Grøndalsvatnet på Osafjellet

Foto: Sveinung. H. Olsnes HF

INNHOLD

1. Ulvik Statsallmenning	2
2. Ulvik Fjellstyre	2
3. Fjellstyrehytter	3
4. Jakt	4
4.1 Villreinjakt	4
4.2 Småviltjakt	8
5. Fiske	10
5.1 Stongfiske	10
5.2 Garnfiske	11
6. Tiltak i statsallmenningen i 2010	11
6.1 Oppsyn	12
6.2 Tilsyn og reperasjon av hytter	12
6.3 Informasjon	12
7. Oppsyn/sekretærordning	12

1. Ulvik statsallmenning

Statsallmenningen i Ulvik dekkjer med sine 400 km² vel 57% av arealet i heradet.

Av dette utgjer netto høgfjellsareal (villreinarealet) omlag 363 km². Det er omlag 20 fiskevatn innanfor allmenningen, med eit areal på omlag 20 km²

Den delen av Hardangerjøkulen som ligg i Ulvik statsallmenning utgjer omlag 20 km².

Allmenningen grensar mot Eidfjord i sør, mot Hol i aust, mot Aurland i nord og mot private område i Ulvik i vest og på Hallingskeid.

Det meste av allmenningen ligg høgt, og det kan godt vere skiføre til midtsommar.

Dette gjer at sommarsesongen kan verte kort, særleg med tanke på fisket i området. Den vestlege delen av allmenningen er heller kupert, med mykje snøfennar og småbrear. Lenger aust flater terrengut og vert meir frodig.

Delar av vestlege delen av allmenningen er prega av kraftutbygging, med fleire store magasin. Bergensbanen skjer gjennom allmenningen frå Storurdi i aust til Hallingskeid i vest. Dette gjer at allmenningen på mange områder er ulik dei andre statsallmenningane på Hardangervidda. Mellom anna er det mykje hytter i området rundt Finse. DNT si turisthytte Finsehytta og hotellet Finse 1222 ligg innanfor allmenningsområdet. Universiteta i Oslo og Bergen driv Finse forskningssenter.

Delar av allmenningen er underlagt forskjellige formar for vern og regulering:

Den søraustlege delen av allmenningen i området kring Hardangerjøkulen ligg innanfor Skaupsjøen / Hardangerjøkulen landskapsvernområde. Dette vart verna i samband med opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark i 1981.

Heile allmenningen er frå 1997 del av ein felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella /Hardangervidda villreinområde

Området mellom Finse og Lågheller er regulert av Ulvik herad i eiga reguleringsplan frå 2001. Her er det mellom anna teltforbod og jaktforbod.

I 2006 vart Hallingsskarvet nasjonalpark og Finse biotovernområde oppretta.

Nasjonalparken dekkjar den delen av Ulvik statsallmenning som ligg nord for Bergensbana frå grensa mot Hol heilt vest til og med Svartavatnet i Såtedalen.

Biotopvernområdet dekkjar 6735 dekar på Finse.

Omsynet til villreinen eit viktig element i alle desse verneområda.

2. Ulvik fjellstyre

Fjellstyret er for perioden 2011-2015 samansett slik:

Kjell J. Røkenest, leiar

Solveig H. Uppheim, nestleiar

Dag Prestegard, styremedlem

Steinar Ljones, styremedlem

Ingrid Sponheim, styremedlem

Representant villreinutval Hardangervidda: *Dag Prestegard, vara er Steinar Ljones*

Representant villreinutval Nordfjella: *Kjell Røkenes, vara er Ingrid Sponheim*

Kjell J. Røkenes møter i Fjellstyra på Hardangervidda, FH.

I 2014 vart det handsama 16 saker fordelt på 3 møter.

3. Fjellstyrehytter

Ulvik fjellstyre har 9 hytter og buer i statsallmenningen. Av desse er 3 steinbuer som står ulåste, dei 6 andre hyttene er låste.

I tillegg er det naust ved Finsevatnet, Kvilinganutvatnet og Søre-Grøndalsvatnet.

Leige av fjellstyrehytter

Det kostar kr 125 pr døgn pr person for leige av fjellstyrehyttene. For buene er prisen mellom kr. 75-125 pr døgn pr person..


På Finsebu er det eigne prisar.

Finsebu er framleis ein populær overnattingstad, spesielt stor pågang er det i vintermånadane januar – april. Mange av brukarane kjem igjen, gjerne fleire gongar for året, i tillegg til nye som ynskjer å oppleve Finse og høgfjellet. Fjellstyret registrerer ein markant auke på uteleige av Finsebu i høve fjoråret (kr. 74.730,-) til (kr. 134.000,-) i 2013. Fjellstyret vil i tida framover prøve å auke interessa for hyttene på Osafjellet. Desse bør vere like attraktive i vinterhalvåret som i sommarhalvåret. Både Søre Grøndalshytta, Dyrehola og Ripsebu ligg i nær tilknyting til turriststien mellom Hallingskeid og Rembesdalen.

Legeinntekt hytter 2014

Finsebu	134.000,-
Sankebu	5.875
Ripsebu	7.000,-
S.Grøndal	11.000,-
Dyrahola	6.025,-
Lengjedalsbu	200,-
Memorgebu	2.875,-
Rundavassbu	150,-
Totalt	Kr 167.125 , -

Legeinntekter hytter 2003-2014



Litt om hyttene

Finsebu

Dette er den nyaste hytta til Ulvik fjellstyre. Hytta ligg på den gamle skyttarhustomta, og vart ferdig bygd i 2003 og klar til uteleige på nyåret 2004. Det er 8 senger i hytta, men brannforskriftene godkjenner overnatting for 9 personar. Det vart bygd ny snurredass vinteren 2011.

I naustet ved Finsevatnet er det båt, utfiskingsgarn og ruser.

Memorgebua

Dette er ei steinbu som er låst. Bua er utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 3 personar. Det er 5 garn i hytta.

Søre-Grøndalen

Hytta er låst, og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 4 personar. Det er 4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt i naustet ved Søre Grøndalsvatnet og 5 garn i hytta. I tillegg ligg uthuset med do tett inntil hytta.

Dyrahola

Låst hytte utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Det er 4 sengeplassar i hytta og hems med 6 madrassar. Det er 5 garn i hytta.

Ripsebu

Denne hytta er låst. Utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Det er 3-4 sengeplassar med madrassar i hytta. I tillegg er det båt og 5 garn i hytta.

Sankebu - Austdalen

Hytta er låst. Bua inneholder vindfang/gang, soverom, oppholdsrom m/kokeplass, hems og utedo. Liggeplass for 4/6 personar.

Rundavassbu, Austdalsbu og Lengjedalsbua

Dette er 3 enkle steinbuer med omn og køyser. Buene står ulåste. Utbetringa av Rundavassbu er no ferdig, og ho er vorte eit koseleg krypinn for fiskarar, jegerar og turgåarar. I Lengjedalsbu og Rundavassbu er det propanapparat.

4. Jakt

4.1. Villreinjakt

Ulvik statsallmenning er delt mellom to villreinområde; Nordfjella villreinområde nord for Bergensbana og Hardangervidda villreinområde sør for desse.

På Hardangervidda villreinområde har Ulvik jaktfelt HA291, og i Nordfjella villreinområde har Ulvik jaktfelt NF600

Jakta 2014

Hardangervidda


Kvota i 2014 var på 9000 dyr fordelt på 900 frie, 6750 simle/ungdyr og 1350 kalv. 25 av dyra som vart felt på Ulvikkort vart skoten på Osafjellet, altså rein frå Nordfjella villreinområde. Forvaltningsmessig er Osafjellet ein del av Hardangervidda vilreinområde. 14 av 39 dyr er felt i annen kommune. 6 stk i Nore og Uvdal, 1 stk. felt i Rauland og 7 stk. felt i Vinje.

Resultat Hardangervidda:

Kommune	Totalt/kalv /s&u/fritt dyr/	Kalvhunn	Kalvhann	1 ½ simle	1 ½ bukk	Simle	Bukk	TOTALT
Vinje	1694 124/1273/ 252	72	69	60	62	255	110	628
Nore og Uvdal	1620 162/1214/ 243	39	44	36	43	243	106	511
Ullensvang	1155 115/867/ 173	24	37	17	35	108	49	270
Eidfjord	1337 135/1000/ 202	15	18	13	12	72	30	160
Tinn	1278 128/958/ 192	52	54	30	80	264	117	597
Ulvik	368 37/276/55	2	7	5	3	15	7	39
Odda	1062 106/797/ 159	27	27	12	44	106	81	297
Hol	431 41/325/65	6	8	3	10	25	13	65
Aurland	31 3/24/4	0	0	0	0	1	1	2
Rollag	24 4/18/2	1	0	0	1	2	2	6
Totalt	9000 900/6750/ 1350	238	264	176	290	1091	516	2575

Utvida jakt

Frå jaktstart og fram til midten av september var det hovudsakeleg kommunane Tinn og Nore og Uvdal, samt Vinje nord for Kvenna, som hadde hatt dyr. Langtidsvarselet viste også jamn søraustleg vindretning fram til siste uka i september. Utan eit værskifte som kunne få reinen vestover inn i Hordaland ville fellingsresultatet bli dårlegare enn ynskeleg. Saman med at det vart funnet mykje kalv på kalveteljinga skapte dette bekymring. Villreinutvalet vedtok derfor på møte den 16/9 å søke villreinnemnda om utviding av jakttida i perioden 1. – 12. oktober. Dette for å auke sannsynlegheita for værskifte og at reinen skulle trekke inn i Hordaland og Vinje sør for Kvenna. Villreinnemnda vedtok utvida jakt.



GPS-merka simler sin arealbruk fra 20. august til og med 12. oktober

Samjaktavtalar

Samjaktsavtale med Øvre Numedal fjellstyre. 8 jegere fra Ulvik kan samtidig jakte på Øvre Numedal statsallmenning nord for Lågen og vest for Langebuåni sør for Lågen. Ulvik gir fra seg 4 kort pr. jeger. I år hadde Ulvik fjellstyre og samjaktavtale med Rauland fjellstyre. Ulvik fjellstyre fekk sleppe inntil 3 innanbygdsjegerar inn på Rauland statsallmenning. For dette fekk Rauland fjellstyre 4 kort pr. jegar. Fjellstyret har også samjaktavtale med Osa private fellesområde, Dalen, Slondal og Brauåne Grunneigerlag og Bagnstrond jaktfelt.

Villrein fra Nordfjella villreinområde har regelmessig byrja å bruke området sør for Bergensbanen, som forvaltningsmessig er en del av Hardangervidda villreinområde. Imidlertid var det ingen av de gps-merka simlene som var sør for banen i haust. Ut frå opplysninga på kontrollkarta er det felt 39 rein mellom jernbanen og rv. 7 hausten 2014. 25 dyr ble trulig felt på kort frå Ulvik og 2 dyr felt på kort frå Aurland. Talet kan være høgare da ikke alle påfører fellingsstad eller signerer for overføring.

Nordfjella

Det var i periodar mykje dyr på Ulvik statsallmenning, og det vart ein god jakt samanlikna med dei siste åra. Været bar brukbart frå starten av, og mange dyr vart felt dei fyrste dagane.

Resultat Nordfjella:

	Hemsedal	Ål	Hol	Aurland	Lærdal	Ulvik	SUM
Bukk voksen	9	20	28	28	37	1	123
Bukk 1 ½ år	4	4	7	13	8	2	38
Bukkekalv	4	13	11	30	13	5	76
Simle voksen	5	57	46	79	28	10	225
Simle 1 ½ år	1	2	4	6	4	-	17
Simlekalv	3	8	9	16	5	2	43
SUM FELT	26	104	105	172	95	20	522
Fellingskvote	50	208	330	316	240	56	1200
Felt % av kvote	52,0	50,0	31,8	54,4	39,6	35,7	43,5

Samjaktavtalar

Ulvik fjellstyre har i Nordfjella –og Hardangervidda villreinområde samjaktavtale med Osa private fellesområde ved Hallingskeid både på nord- og sørsida av Bergensbana.

Osa private fellesområde ved Hallingskeid

Avtalen trer i kraft 14 dagar etter jaktstart – altså 3. september. Frå denne dato kan jegerar med kort i Ulvik statsallmenning og Osa felles jakta på begge områda uavhengig av kva kort jegeren har.

Samjakta gjeld frå og med denne dato og fram til jaktslutt på Nordfjella villreinområde 25. september på Hardangervidda villreinområde 30. september. Skilje mellom jaktvala er vassdraget som renn sør for Bergensbana.

Avtalen gjeld for 1. år, men kan fornyast med 1. år om gongen dersom partane er samde. Oppseiing må skje innan 1. februar i jaktåret. Avtalen gjeld til ein av partane seier opp avtalen.

Fjellstyrene og private jaktfelt i Nordfjella (Hemsedal, Ål, Hol, Lærdal og Ulvik)

Avtalen gjelder for jegerar som har fått utskrivne løyve/kort for alle statsallmenningar og kommunale eideomar som de nemnde fjellstyrene har forvaltningsansvar for og private jaktfelt som er med i avtalen.

1. PERIODE 1: f.o.m. 20.08. t.o.m. 31.08. :

I denne perioden har avtalen ingen praktisk betydning, da den ikkje opnar for samjakt over kommunegrenser. Avtalen er ikkje til hinder for at kvar kommune har interne reglar eller for at det opprettas andre separate samjaktavtaler.

2. PERIODE 2 : f.o.m. 01.09. t.o.m.10.09. :

I denne perioden har jegerar, som utøvar jakt på eige jaktfelt, rett til å fortsette jakta inn på allmenningar/jaktfelt som er ”grensenaboor”, dersom dette betrar moglegheita for felling av dyr. Dette gjeld og inngang fra/til privat jaktfelt, som er tilslutta avtalen. Jfr. ellers punktene 4-5-7 og 8 nedenunder.

3. PERIODE 3 : f.o.m. 11.09. og ut jakta :

I denne perioden er det full samjakt mellom allmenninger, kommunale eiendommer og private felt som omfattast av avtalen. Jfr. ellers punkta 4-5-6-7 og 8 nedanfor.

4. Denne avtalen gjeld f.o.m. måndag t.o.m. torsdag i hver enkelt veke av jakta.

5. Jegerar som kryssar grenser til fots plikter å kalle opp på sikrings/jakt-radio, som har dekning, for å orientere seg om forholda på jaktfeltet, og for å varsle andre om at ein går inn.

6. Jegerar som i periode 3 vil inn på jaktfelt som omfattas av denne avtale, og som kjem med bil eller båt, plikter sjølvsagt også å ta omsyn til andre jegerar i området, og ikkje øydeleggje for pågåande jakt. Dersom det er mogleg, bør jegeren je seg til kjenne på jaktsamband.

7. Jegerar som nyttar seg av denne samjaktavtalen plikter sjølvsagt å ta omsyn til andre jegerar i området, og ikkje øydeleggje pågåande jakt.

8. Jegerar som nyttar denne samjaktavtale plikter å ta med NF's valdkart og være godt orientert om aktuelle jaktfeltgrenser.

9. Brot på avtalen sine regler vert sett på som ulovleg jakt.

Inntekter

Kortprisar

Fritt dyr	1700,-
Simle/ungdyr	1000,-
Kalv	500,-

Utanbygds: Dobbel pris

Kortsaled ga ei inntekt på kr.**281.300,-** til fjellstyret.

4.2 Småviltjakt

Jakttida for småviltjakt i Ulvik statsallmenning er frå 15.september til og med 23.desember. Fjellstyret bestemte å innføre freding på li –og fjellrype i tre år frå hausten 2013 grunna lav bestand. Det har såleis vore jakt på dei andre småviltartane.

Jaktsesongen i tal (basert på innkomne fangstrappor)

Jaktdagar : 12

Lirype	freda
Fjellrype	freda
Hare	1 skote

Kortsal

Salsstad	Døgnkort	Vekekort	Sesongkort
Finse stasjon	0	0	0
Kiosken	0	0	0
Turistkontoret	0	0	0
Inatur	11	0	1
<u>Totalt selde kort</u>	<u>11</u>	<u>2</u>	<u>1</u>

Inntekt småvilt kr. 1.600,-

Kortprisar

	Innanbygds	utanbygds
1 døger	100	100
1 veke	200	200
Sesong	400	500

Inntekter småviltjakt 2002-2014

År	Inntekt	Selde jaktkort
2002	78.100 kr	213
2003	58.959 kr	189
2004	50.000 kr	118
2005	59.700 kr	199
2006	69.600 kr	205
2007	48.600kr	104
2008	64.700 kr	162
2009	60.490 kr	189
2010	102.100 kr	342
2011	83.200 kr	234
2012	48.200 kr	151
2013	1.000 kr	4
2014	1.600 kr	11

Fangststatistikk 2003-2014

År	Jaktdøger	Fjellryper	Liryper	Hare	Tilbakemeldingar
2003	178	229	6	0	65 kort
2004	133	185	2	7	49 kort
2005	160	213	0	3	53 kort
2006	150	161	5	3	53 kort
2007	14	14	0	1	12 kort
2008	123	75	2	0	36 kort
2009	64	26	0	0	28 kort
2010	325	100	3	3	133 kort
2011	305	118	0	7	100 kort
2012	158	54	1	1	62 kort
2013	6	0	0	1	4 kort
2014	12	0	0	1	11 kort

5. Fiske

5.1 Stongfiske

Selde kort

1 døger: 142
 2 døger: 52
 3 døger: 38
 Veke: 20
 Sesong : 19
Totalt: 271 kort

Inntekt stongfiske kr. 46.840,-

Inntekter av fiskekortsal 2002-2014

År	Inntekt	Selde kort	Tilbakemeldingar
2002	16.353 kr	37	
2003	23.533 kr	49	13
2004	31.778 kr	60	21
2005	14.981 kr	31	9
2006	30.612 kr	72	14
2007	26.418 kr	76	0
2008	26.351 kr	148	2
2009	23.678 kr	117	5
2010	36.430 kr	219	31

2011	35.882 kr	179	23
2012	22.415 kr	132	7
2013	39.783 kr	213	9
2014	46.840 kr	271	15

Fiskekortprisar 2014

1 døger	60,-
2 døger	120,-
3 døger	150,-
Veke	250,-
Sesong	450,-

Fellesfiskekortprisar 2014

Veke	300,-
Sesong	500,-

5.2 Garnfiske i Ulvik statsallmenning

Fangsrappport 2014

Vatn	Kg. fisk	Snittvekt gr.	Tal garndøgr
Langavatn	313,5	546	398
Rundavatn	10,0	500	15
Øvre Tverrå	1,0	330	3
Floskefonnvatnet	10,0	650	15
Totalt	343,5	507	431

Statistikken er basert på 29 innleverte fangstrapporatar av 37 selde garnkort. Det har og komne inn stongfiske rapportar frå Langavatnet (20 kg).

Inntekt garnfiske kr. 11.100,-


6 Tiltak i statsallmenningen i 2014

Utførte oppdrag

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 515 timeverk for Ulvik fjellstyre. Det er nytta mest tid til sekretariat og arbeid med hytter.

Prøvefiske i Søre Grøndalsvatnet

Da kvaliteten har vorte därlegare og storleiken dei siste åra har gått ned vart det utført prøvefiske i slutten av juli. Resultata var ikkje særleg oppløftande. Prøvane bestod av mykje fisk mellom 200-300 gram, småfisken var gamal og gytemoden. Yngste fiske som vart teken opp var 7 år medan den eldste var 17 år. Det vert no sett inn tiltak for å få opp ein del småfisk, og fjellstyret har vedteke at det i ein 3 års periode skal fiskast med småbeint garn (26-29 omfar). Etter at perioden er over skal det igjen utførast prøvefiske for å sjå om ein har klart å få opp storleiken og kvaliteten på fisken.



6.1 Oppsyn

Det vart utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Særskild garnfiskekontroll føregjekk i Langavatnet. Det vart helde oppsyn med at fredningspåbodet av rypa vart helde. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades på Osafjellet.

6.2 Tilsyn og reparasjon av hytter

Generelt tilsyn og vedlikehald

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehytteiene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehytteiene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat, brannsløkkingsapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Gamle apparat bart skifta ut der dette var nødvendig.

På hytta i Søre Grøndalen vart ei takskade utbetra og ny takshingel vart lagt på. Uthuset fekk og ny shingel. Det vart lagt på nytt sengetøy i hyttene.

Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene. Det er transportert ved opp til overløpet ved Austdalens for vidaretransport vinterstid.

Båten i Søre Grøndal vart byta med båten på Ripsebu. Det vart kjøpt inn båt til Dyrehola, og den vart transportert inn med scooter.

6.3 Informasjon

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar fire veker i juli august.

Samstundes som Hardangervidda fjelloppsyn har utført diverse oppdrag i allmenningen har det vorte gjeven mykje informasjon til jegerar, fiskarar og andre brukarar. Informasjonen har vore fisketips, turforslag, bandtvang, villreininfo o.a.

7. Oppsyn/sekretærordning

Ulvik Fjellstyre er medlem av Hardangervidda Fjelloppsyn AS.

Harald Normann Andersen har vore tilsett som sekretær for Ulvik Fjellstyre gjennom HF. Sekretariatet er beramma til om lag 300 timeverk i året. I tillegg har det vore utført diverse feltoppdrag i allmenningen.

Til slutt vil Ulvik fjellstyre takke alle frivillige som har vore med å bidrege på dei ulike tiltaka i statsallmenningen i 2014

Kjell J. Røkenes -s-

Solveig H. Uppheim -s-

Dag Prestegard -s-

Steinar Ljones -s-

Ingrid Sponheim -s-